



Innkalling  
av  
Kommunestyret

**Møtedato:** 14.12.2017  
**Møtestad:** Konferanserommet  
**Møtetid:** 09:00 - 12:00

**Orientering om Nordhordland biosfære ved Kari Natland og Jarle Skeidsvoll klokka 0900**  
**Planleggjar Øystein Skofteland frå Norconsult vil vere med på orientering om sak om regulering av nytt bustadområde klokka 1000**  
**Orientering om revidert skisseprosjekt ved arkitektfirma HRTB klokka 1300 - 1430**

Eventuelle forfall må meldast via Møteportalen (politikarportalen). Ordføraren må og få melding om forfall til møter.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

**Sakliste**

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
055/2017	Godkjenning av innkalling og saksliste
056/2017	Godkjenning av møtebok
057/2017	Referatsaker
058/2017	Orienteringssaker
059/2017	Regulering av nytt bustadområde
060/2017	Framlegg til vedtak - retningsliner for kommunale vigslar i Modalen kommune.
061/2017	Betaling for kommunale tenester 2018
062/2017	Budsjett og økonomiplan 2018-2021
063/2017	Saksframlegg Nordhordland Biosfære

6. desember 2017

Tom Kristian Thorsen  
møteleiar

Jo Bjarte Tømmerbakke  
sekretær

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		17/315

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
055/2017	Kommunestyret	PS	14.12.2017

### Godkjenning av innkalling og saksliste

#### Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

#### Saksopplysningar:

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke		17/315

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
056/2017	Kommunestyret	PS	14.12.2017

### Godkjenning av møtebok

#### Forslag til vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

#### Saksopplysningar:

#### Vedlegg:

Protokoll - Kommunestyret - 09.11.2017

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		17/315

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
057/2017	Kommunestyret	PS	14.12.2017

### Referatsaker

#### Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
057/2017.1	Avgjerd om busetting av flyktningar i 2018

#### Forslag til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

#### Saksopplysningar:

#### Vedlegg:

Avgjerd om busetting av flyktningar i 2018

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		17/315

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
058/2017	Kommunestyret	PS	14.12.2017

### Orienteringssaker

#### Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
058/2017.1	Etablering av NH brann og redning - oppfølgingspunkt

#### Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

#### Saksopplysningar:

#### Vedlegg:

Prosjektmandat etablering NH brann og redning\_27.10.17

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Tone Selmer Skuggevik	FA - L12	17/263

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
061/2017	Formannskapet	PS	21.11.2017
059/2017	Kommunestyret	PS	14.12.2017

## Regulering av nytt bustadområde

### Forslag til vedtak:

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Arealplan og kommuneplanen 2015 – 2026 for Modalen kommune vart vedteken av kommunestyre i sak 033/2015, men med ein føresetnad av at det skulle utarbeidast ein områdeplan for Trohaug - Otterstad området.

Notat om vidare oppfølging av dette vart lagt fram for kommunestyret i møte den 10.03.2016 sak 009/2016. Grunna prioritert arbeid med kommunereforma vart vidare prosess utsett til andre halvår 2016.

Kommunestyret vedtok 22.09.2016 , sak 051/2016 å utarbeide ein mulighetstudie for « området mellom Trohaug og Nybrua", som ein første fase i planlegginga av ein områdeplan for Otterstad – Trohaug.

Mulighetstudie blei presentert i kommunestyret 20.04.2017. Kommunestyret tok orienteringa til vitande. Kommunestyret vedtok i sak 018/2017 at formannskapet drøftar ei vidare oppfølging av saka og legg fram si tilråding for kommunestyret.

Vidare i formannskapet 03.05.2017 :

Oppfølging av mulighetstudie Trohaug området: Ordføraren tok oppatt tråden frå Kommunestyret den 20.april 2017. Formannskapet slutta seg til at det ikkje er tida for å gå vidare med dette prosjektet no, og at ein fyrst bør ta i bruk dei tomtene som lett kan gjerast om til bustadtomter utan omfattande infrastruktur-tilrettelegging.

I formannskapet 01.06.2017, sak 035/2017 under orienteringssaker:

Vidare oppfølging blei drøfta: Administrasjonen i samråd med ordførarar førebur og inviterer kommunen til eit møte med planavdelinga hos Hordaland fylkeskommune snarast råd etter ferien.

Administrasjonen i lag med ordførar hadde møte med Hordaland fylkeskommune 25.09. 2017. Bakgrunnen for møte er at politikarane ikkje ynskjer å gå vidare med utbygging av Trohaug.

## **Vurdering**

Administrasjonen har fått i oppgåve å undersøkje utvikling av nytt bustadområde i Sæten.

Alternativt er det også mogeleg å utvida bustadfeltet på Kleivane. Område på Kleivane er satt av som bustadområde i kommuneplanen.

Behov – Antall bustader i løpet av ein 10 års periode er ca. 15.

Utfordringar: – Sæten – rasfare – Kleivane – grunnforhold

Formannskapet ynskjer å få fylkeskommunen sitt syn i saka.

Rådet frå fylkeskommunen er at bustadområdet burde ligga så nært sentrum som mogeleg, og at det var gode solforhold der ein la bustadområde. Det vart og peika på området som ligg på Otterstad som er teke med i kommuneplanen. Dette området har dei kvalitetane som gjer at folk vil busetja seg.

Næringsfondet har bevilga tilskot til ein privat aktør som ynskjer å starte næring i Sæten.

Situasjonen har då endra seg. Diskusjonen om kvar ein då skal legga bustadområde må drøftast vidare i formannskapet.

Formannskapet må ta stilling til kva for eit område som skal regulerast til nytt bustadområde.

## **Konklusjon**

Det vert tilrådd at formannskapet tek stilling til kva for eit område som skal regulerast til nytt bustadområde på Mo, og legg fram si tilråding for kommunestyret.

Administrasjonen kan då gå vidare med reguleringsarbeidet.

Saka vert lagt fram for formannskapet til drøfting utan framlegg til vedtak.

## **Formannskapet - 061/2017**

### **FOR - behandling:**

Kjetil Eikefet og Linda Neset erklærte seg ugild i saka, i samsvar med tidlegare handsaming av same sak. Frank Stian Steinsland kom inn som vara for Linda Neset. Det var ikkje kalla inn vara for Kjetil

Eikefet.

Teknisk sjef Tone Selmer Skuggevik orienterte kort om bakgrunn og tidlegare arbeid med same sak. Administrasjonen ynskjer politisk prioritering av kva område ein skal arbeide vidare med å utvikle til bustadføre mål, både på kort og lang sikt.

Under diskusjonen vart det vurdert fordelar og ulemper med dei ulike aktuelle områda. Det kom i tillegg fram at det pr dags dato er 13 tomtar tilgjengeleg og regulert for bustadbygging totalt i kommunen. Av desse eig kommunen 4 tomtar.

Framlegg til vedtak vart utarbeidd av ordførar. Dette framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **FOR - vedtak:**

Modalen kommune ser at verdian av dyrka mark er høg. Den dyrka marka vi har er av høg kvalitet. Modalen kommune ønsker ikkje å nytte dyrka mark til bustadbygging.

Modalen kommune ønsker å jobbe vidare med avsatt tomteland på Kleivane.

Mulighetsstudiet for Trohaug skal innarbeides i områdeplanen for Otterstad og Trohaug.

Sæten blir liggande som industriområde.

Administrasjonen jobber vidare med tydeliggjering av planprosess.



# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ove Sæbø	FE - 000	17/201

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
062/2017	Formannskapet	PS	21.11.2017
060/2017	Kommunestyret	PS	14.12.2017

## Framlegg til vedtak - retningsliner for kommunale vigslar i Modalen kommune.

### Forslag til vedtak:

Modalen kommune vedtek framlegg til *retningsliner for borgarleg vigsel* slik dei ligg føre.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Med utgangspunkt i endringar i ekteskapslova vert vigselfmyndet f.o.m. 1. januar 2018 overført frå domstolane til kommunane. Det tyder at Modalen kommune må vere klar til å gjennomføre vigslar for brurepar som ynskjer det. I tillegg må kommunen kunne ta i mot henvendingar frå brurepar slik at planlegging og tilrettelegging kan finne stad god tid i forkant.

#### Vurdering

Modalen kommune har i samband med det nye ansvaret utarbeidd retningsliner for borgarleg vigsel. Med utgangspunkt i talet på kyrkjelege vigslar /folketal i kommunen legg me til grunn at omfanget vert noko avgrensa. Det gjev høve til å vere fleksible og imøtekommande ovanfor brurefolk. Retningslinene søkjer å signalisere slik fleksibilitet så langt råd er.

Ordførar og varaordførar har etter lova vigselfrett. I retningslinene er rådmann Jo Tømmerbakke og kommande assisterande rådmann Ove Sæbø også ført opp med vigselfrett. Det gjev moglegheiter i forhold til tilgjenge på vigslar, samt at det kan bidra dersom brureparet ynskjer vigslar som er politisk uavhengig.

#### Konklusjon

Modalen kommune skal kunne vere godt førebudd til å ta på seg ansvaret som vigselfmynde med utgangspunkt i retningslinene. Det er i tillegg utarbeidd standard skjema for kontakt og oppfølging av

brurepar, samt prosedyre til hjelp for administrasjonen for å sikre trygg gjennomføring.

Lov som ligg til grunn: Lov om ekteskap (ekteskapslova)

### **Formannskapet - 062/2017**

#### **FOR - behandling:**

Ove Sæbø orienterte kort om bakgrunn for saka, og innhaldet i rutiner og retningslinjer. Vedtaket vart samrøystes vedteke.

#### **FOR - vedtak:**

Modalen kommune vedtek framlegg til *retningslinjer for borgarleg vigsel* slik dei ligg føre.

#### **Vedlegg:**

Retningslinjer for borgarleg vigsel i Modalen kommune

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Oddvin Neset	FE - 231	17/296

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
004/2017	Råd for eldre og funksjonshemma	PS	20.11.2017
063/2017	Formannskapet	PS	21.11.2017
061/2017	Kommunestyret	PS	14.12.2017

## Betaling for kommunale tenester 2018

### Forslag til vedtak:

Satsar for kommunale tenester 2018 vert godkjent slik dei ligg føre i dokumentet «Betaling for kommunale tenester 2018»

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

I samband med handsaminga av årsbudsjettet har rådmannen gått gjennom betalingsattsane for kommunale tenester, og lagt inn ei justering av satsane. Alle satsar er samla i eit dokment for å gje ei brukarvenleg og oversiktleg framstilling av kva dei ulike kommunale tenestene kostar. Vedlagt til saka følger også ei oversikt som viser korleis betalingsattsane har utvikla seg frå 2014 og fram til i dag.

#### Vurdering

Modalen kommune får eit stort inntektsbortfall i kraftinnetktene frå 2018 og åra framover, og må gjere omfattande kutt i budsjettet. For å redusere konsekvensane av inntektsbortfallet har ein sett på områder der det er potensiale til å auke inntektene.

Ved justering av satsane for 2018 har rådmannen lagt til grunn ein generell auke i satsane på ca 4 %. Dette er høgare enn den generelle prisveksten i samfunnet, men naudsynt ut frå den økonomiske situasjonen. På mange områder ligg me framleis under andre kommunar i våre betalingsattsar. Kvart område vert ikkje kommentert i dette saksframlegget, men områder der det er framlegg til større endringar vert trekt fram.

Barnehage: Her vert det føreslege å gå over til nasjonale maksimalsatsar for foreldrebetaling. Dette vil gje ein auke i foreldrebetaling frå kr.2100,- til kr.2910,- pr. md for ein heiltidsplass, og frå

kr.1.600,- til kr.2.200,- pr md for ein deltidsplass. Dette er ein stor auke, men rådmannen ser dette som naudsynt ut frå den økonomiske situasjonen kommunen no står i. I barnehagen sitt budsjett for 2018 er det lagt til grunn ein heilårseffekt av auka foreldrebetaling som vil gje ei meireinntekt på kr. 150.000,-.

Det er to tilhøve rundt foreldrebetalinga som er verdt å merka seg:

1. Utgifter til pass av barn gjev frådrag på skatten. Konsekvensen ved å auke foreldrebetalinga vert difor ikkje ei rein nettoutgift for foreldra.
2. Det er etablert gode nasjonale ordningar som ivaretek familiar med låg inntekt. Familiar med ei samla inntekt under 500.500,- vil etter søknad få reduksjon i foreldrebetalinga. Auken vil såleis ikkje ramme dei mest sårbare gruppene.

Renovasjon: NGIR sitt representantskap kjem med tilråing til kommunane om renovasjonsavgift for kvart år. På grunn av auka utgifter i samband med RenoNorden gjekk konkurs, og nedgang i næringsavfall, må renovasjonsavgiftene aukast med kr 512,- eks mva.

### **Konklusjon**

Rådmannen si tilråing er at betalingsattsane vert jusetert i samsvar med framlegget.

## **Råd for eldre og funksjonshemma - 004/2017**

### **REF - behandling:**

Rådmannen orienterte om satsane for kommunale tenester i 2018

### **REF - vedtak:**

Satsar for kommunale tenester 2018 vert samrøystes tilrådd slik dei ligg føre i dokumentet «Betaling for kommunale tenester 2018»

## **Formannskapet - 063/2017**

### **FOR - behandling:**

Rådmannen orienterte om framlegget til betalingsattsane for kommunale tenester, med hovudvekt på auken i renovasjonsavgift og forslaget om å gå over til nasjonale maksimalsatsar for barnehage. Resten av betalingsattsane for kommunale tenester er foreslått auka med 4% frå 2017 til 2018.

Under diskusjonen kom det tydeleg fram at formannskapet ikkje ynskjer å auke betalingsattsane for barnehage opp til nasjonale maksimalsatsar. Ulike løysingar og modellar vart drøfta.

Kjetil Eikefet hadde eit forslag om å auke alle dei kommunale betalingsattsane, inkludert barnehagesats, med 5% frå 2017 til 2018.

Liv Anne Aanenesen hadde eit forslag om å auke foreldrebetalinga for fulltidsplass i barnehage frå 2100 kr i 2017 til 2300 kr i 2018. Alle dei andre betalingsattsane vert auka med 5% .

Liv Anne Aanenesen sitt forslag vart teke opp til votering, og fekk fleirtal med 4 mot 1 røyst. Ann-Jorunn Farestveit røysta mot.

Formannskapet bed administrasjonen berekne kva budsjettmessige konsekvensar dette vedtaket har for 2018 samanlikna med rådmannen sitt framlegg til vedtak, i form av reduserte inntekter for kommunen.

**FOR - vedtak:**

Foreldrebetalinga for fulltids plass i barnehage vert auka frå 2100 kr i 2017 til 2300 kr i 2018. Alle dei andre betalingssatsane vert auka med 5% .

Formannskapet bed administrasjonen berekne kva budsjettmessige konsekvensar dette vedtaket har for 2018 samanlikna med rådmannen sitt framlegg til vedtak, i form av reduserte inntekter for kommunen.

**Vedlegg:**

Betalings satsar 2018 framlegg

Oversyn over betalingssatsar 2014 - 2018

# Sakspapir

<b>Saksbehandler</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Magne Verpelstad	FE - 151	17/190

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
064/2017	Formannskapet	PS	21.11.2017
004/2017	Administrasjonsutvalet	PS	20.11.2017
012/2017	Arbeidsmiljøutval	PS	20.11.2017
005/2017	Råd for eldre og funksjonshemma	PS	20.11.2017
062/2017	Kommunestyret	PS	14.12.2017

## Budsjett og økonomiplan 2018-2021

### Forslag til vedtak:

- 1. Modalen kommune sitt budsjett og økonomiplan 2018-2021 vert vedteke slik det ligg føre**
- 2. Eigedomsskatt 2018:**
  - For eigedomsskatteåret 2018 vert det skrive ut eigedomsskatt på verk og bruk, jfr eigedomsskattelova § 3 fyrste ledd bokstav c.
  - Den alminnelege eigedomsskattesatsen i Modalen kommune er 7 promille, jfr eigedomsskattelova § 11 fyrste ledd.
  - Eigedomsskatten for 2018 forfell til betaling i 2 terminar: 31. mars og 30. september, jfr eigedomsskattelova § 25
  - Klagenemnda for eigedomsskatt har kompetanse til å handsama klager etter § 19 i eigedomsskattelova, jfr § 20 i eigedomsskattelova.
- Låneopptak frå Husbanken til vidareformidling vert fastsett til kr 300 000 for 2018. Rådmannen har fullmakt til å gjennomføre låneopptaket.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Rådmannen legg fram sak om budsjett og økonomiplan 2018 – 2021 til handsaming i formannskapet.

Formannskapet skal handsame framlegget og gje innstilling til vedtak i kommunestyret.

## Vurdering

Det vert vist til vedlagte dokument:

Modalen kommune – Økonomiplan 2018-2021 og årsbudsjett 2018 – Rådmannen sitt framlegg.

Dei økonomiske rammene for kommunen vert strammare. Eigedomsskatteinntekta vert i 2018 redusert med kr 3,3 millionar i høve til 2017. I høve til 2013 er eigedomsskatteinntekta i 2018 redusert med totalt kr 7,3 millionar. Vidare i planperioden er det venta ytterlegare nedgang.

Inntektsnedgangen har medført behov for å redusere utgiftene. I dette arbeidet har leiarane i alle avdelingar vore aktivt involvert. Reduksjonane er så store at det har vore fokus på å redusere lønsutgifter med varig effekt for utgiftsnivået. Det har vore lite rom for å skjerme einskilde område for kuttiltak og dei fleste områda er berørt.

Innan fleire av tenesteområda/avdelingane er det mål om stillingsreduksjonar med deleffekt 2018, men med større heilårseffekt i 2019. Inntektsbortfall knytt til eigedomsskatt er venta å halde fram dei neste åra. Det er difor viktig å halde fram arbeidet med å redusere utgiftsnivået. Dette vil såleis gje konsekvensar for omfang og kvalitet på tenestene i åra som kjem, dersom ein ikkje finn inntekt som kan kompensere for reduksjon i eigedomsskatt.

I statsbudsjettet er det lagt inn framlegg om endringar knytt til eigedomsskatt på Verk og bruk. Dette vil kunne gje ytterlegare redusert eigedomsskatteinntekt for kommunen om framlegget vert vedteke. Kraftproduksjonsanlegg er unntatt frå framlegget, men kommunen vil kunne miste inntekt frå kraftlinjer og andre eigedomsskatteobjekt som følgje av endringen, med eit inntektsbortfall på rundt kr 600 000. Dersom det vert vedteke vil inntektsreduksjonen skje gradvis i ein overgangsperiode med start 2019. Effekten av dette er ikkje innbakt i denne økonomiplanen.

Salderinga av budsjettet for 2018 omfattar m.a. dette for dei ulike rammeområda:

### Felles/sentrale postar:

- Premieavvik
  1. Bruk av inntektspost av rekneskapsteknisk karakter kr 1,9 mill
  2. Inntekta skal utgiftsførast fordelt over dei neste 7 åra (amortisering)
- Avdrag
  1. Redusert avdragsbetaling frå kr 1,5 millionar til kr 1,0 millionar
  2. Minimumsavdrag er rekna til omlg kr 775 000
- Småinvesteringar i drift
  1. Det er ikkje rom for eiga løyving til småinvesteringar
  2. Slike tiltak/innkjøp må prioriterast innanfor ordinær budsjetttramme for dei einskilde avdelingane

### Rådmannen/sentraladm:

- Generelle kutt/innsparingar
- Redusert personalbruk i samband med fødselspermisjon
- Stillinga som utviklingssjef vert halde vakant i 2018
- Kutt i fellesmidlar

- Etter saldering utgjør budsjetttramma 2018 91 % av budsjetttramma for 2017

#### **Kultur:**

- Kultursjefstilling vakant
  3. Inkluderer diverse justeringar innan eininga
- Generelle kutt i kulturbudsjettet
- Etter saldering utgjør budsjetttramma 2018 93 % av budsjetttramma for 2017

#### **Sosial og barnevern:**

- Auka løyving då talet på brukarar og samla sosialhjelpsutbetalingar har auka mykje
- Løyvinga 2017 er for låg i høve til reelle behov slik situasjonen er no
- Etter saldering utgjør budsjetttramma 2018 125 % av budsjetttramma for 2017

#### **Skule:**

- Vurdering knytt til reduksjon i stillingsressursar med deffekt i 2018 og heileffekt i 2019
- Generelle kutt/innsparingar
- Auka utgift knytt til vaksenopplæring. Flyktningar.
- Etter saldering utgjør budsjetttramma 2018 103 % av budsjetttramma for 2017
  4. Nb: Redusert inntekt frå Vaksdal

#### **Barnehage:**

- Reduksjon i stillingsressursar knytt til endra bemanningsnorm. Verknad haust 2018
- Auka betalingsattsar, harmonering med maks.prssystemet. Verknad januar 2018.
- Generelle kutt/innsparingar
- Etter saldering utgjør budsjetttramma 2018 91 % av budsjetttramma for 2017

#### **Pleie og omsorg:**

- Reduksjon i stillingsressursar. Deffekt 2018.
- Auka ressursbehov til brukar
- Ny turnus iverksett haust 2017, gjev heilårseffekt 2018
- Etter saldering utgjør budsjetttramma 2018 111 % av budsjetttramma for 2017
  1. Redusert ordinær drift, men auke til å dekkje nye behov

#### **Kommunelege:**

- Generelle innsparingar/nøysom framskriving
- Etter saldering utgjør budsjetttramma 2018 101 % av budsjetttramma for 2017

#### **Teknisk etat:**

- Ikkje rom for styrkingstiltak
- Generelle kutt/innsparingar i etaten
- Etter saldering utgjør budsjetttramma 2018 99 % av budsjetttramma for 2017



## **Konklusjon**

Budsjettrammene er saldert/kutta for å finansiere ei drift i tråd med inntektene i 2018. Økonomiplanen synleggjer behov for ytterlegare reduksjonar i åra som kjem og prosess/arbeid med utgiftsreduksjonar/inntektsauke må halde fram.

## **Råd for eldre og funksjonshemma - 005/2017**

### **REF - behandling:**

Rådmannen orienterte om budsjettet for 2018 og økonomiplanen for 2018 - 2021, med vekt på dei føreslegne innsparingane grunna nedgang i eigedomsskatt.

### **REF - vedtak:**

Budsjettet for 2018 og økonomiplanen for 2018 - 2021 vert samrøystes tilrådd slik det ligg føre

## **Arbeidsmiljøutval - 012/2017**

### **AMU - behandling:**

Rådmann Jo Tømmerbakke orienterte om budsjett og økonomiplan 2018-2021, og naudsynte tiltak som må gjerast innan dei ulike tenesteområda for å tilpasse drifta til reduksjon i rammene. AMU slutta seg samrøystes til rådmannen sitt framlegg til vedtak.

### **AMU - vedtak:**

Samrøystes tilrådd

## **Administrasjonsutvalet - 004/2017**

### **AU - behandling:**

Rådmann Jo Tømmerbakke orienterte om budsjett og økonomiplan 2018-2021, og naudsynte tiltak som må gjerast innan dei ulike tenesteområda for å tilpasse drifta til reduksjon i rammene.

### **AU - vedtak:**

Administrasjonsutvalet tek saka om budsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021 samrøystes til orientering

## Formannskapet - 064/2017

### **FOR - behandling:**

Økonomisjef og rådmann orienterte om rammer og føresetnader frå statsbudsjettet for budsjettet for 2018 og økonomiplan for 2018 - 2021. Dei frie inntektene for 2018 vil utgjere ca 45,3 mill, noko som er ein auke frå 2017 på 2,3%. Gjennomsnittleg løns- og prisvekst for 2018 er berekna til 2,6 %. Eigedomsskatten vil bli redusert frå 19,4 mill i 2017 til ca 16,1 mill i 2018, noko som gjev ein reduksjon på ca 3,3 mill. Den totale økonomiske ramma kommunen har til disposisjon for 2018 vil såleis vere redusert med ca 3,3 mill i forhold til 2017.

Dei første budsjettframlegga frå tenesteleiarane viste ein auke på ca 5 mill i forhold til budsjettet for 2017. Det var såleis eit gap på ca 8,3 mill som måtte salderast for å kome i hamn med neste års budsjett. Administrasjonen har arbeidd vidare i samarbeid med leiargruppa for å saldere budsjettet tilstrekkeleg. Innan fleire av tenesteområda/avdelingane er det lagt inn framlegg om stillingsreduksjonar med deleffekt i 2018, men med større heilårseffekt i 2019. Dette vil såleis gje konsekvensar for omfang og kvlitet på tenestene i åra som kjem. Detljert oversikt over kvart tenesteområde kjem fram i saksframlegget. Salderingane inneber stillingsreduksjonar som samla sett tilsvarer ca 5 årsverk.

Teknisk sjef Tone Selmer Skuggevik orienterte om framlegget til investeringsbudsjett i økonomiplanperioden

### **FOR - vedtak:**

1. **Modalen kommune sitt budsjett og økonomiplan 2018-2021 vert vidaresendt til kommunestyret slik det ligg føre**
2. **Eigedomsskatt 2018:**
  - a. For eigedomsskatteåret 2018 vert det skrive ut eigedomsskatt på verk og bruk, jfr eigedomsskattelova § 3 fyrste ledd bokstav c.
  - b. Den alminnelege eigedomsskattesatsen i Modalen kommune er 7 promille, jfr eigedomsskattelova § 11 fyrste ledd.
  - c. Eigedomsskatten for 2018 forfell til betaling i 2 terminar: 31. mars og 30. september, jfr eigedomsskattelova § 25
  - d. Klagenemnda for eigedomsskatt har kompetanse til å handsama klager etter § 19 i eigedomsskattelova, jfr § 20 i eigedomsskattelova.
3. Låneopptak frå Husbanken til vidareformidling vert fastsett til kr 300 000 for 2018. Rådmannen har fullmakt til å gjennomføre låneopptaket.

### **Vedlegg:**

Budsjett - Økonomiplan 2018-2021 - Rådmannen sitt framlegg til utsending

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FA - K21, TI - &33	17/330

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
063/2017	Kommunestyret	PS	14.12.2017

### Saksframlegg Nordhordland Biosfære

#### Forslag til vedtak:

Modalen kommune støttar Region Nordhordland sitt kandidatur til å bli eit UNESCO Biosfæreområde. Kommunen forpliktar seg, i samarbeid med dei andre kommunane i regionen, å finansiere sin rettmessige del for første fasen av biosfæreområdet si verksemd - innanfor den ramma som er sett i budsjettet for perioden 2019 – 2021. For Modalen vil kostnaden pr år vere om lag 6% av kr 600 000, estimert til ca kr 36 000.

Kostnadane til prosjektet vert finansiert frå Næringsfondet - utviklingsprosjekt

#### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Juni 2013 inngjekk Regionrådet i Nordhordland og Universitetet i Bergen ein samarbeidsavtale om å arbeide for at Region Nordhordland skal bli eit UNESCO Biosfæreområde. Arbeidet starta med ein forprosjektstudie som viste korleis Nordhordland kunne fylle krava som UNESCO set til slike område. Våren 2015 vart alle kommunane samde om å fremme Nordhordland sitt kandidatur til å bli det første UNESCO Biosfæreområdet i Norge. Søknaden vart innvilga av den norske komiteen for programmet «Menneske og Biosfære» (MAB)og tilbakemeldingane vi har fått frå dei og UNESCO sin administrasjon i Paris, er at Nordhordland fyller alle kriteria som er sett til ein slik status. Regionen er ein nytenkande og spennande kandidat med sær mange gode kvalitetar til å vere eit biosfæreområde. Vårt kandidatur har vakt stor interesse og begeistring også internasjonalt innan MAB-programmet. Tidlegare i år vart biosfæreporsjektet presentert i Nordhordlandstinget.

Nordhordland Utviklingselskap IKS har samarbeidd med Universitetet i Bergen (UiB) om

biosfæresatsinga. Det vart etablert eit prosjekt og oppnemnt styringsgruppe og arbeidsgruppe. Styringsgruppa har hatt som oppgåve å sikre målstyring, innhald og framdrift i prosjektet, medan arbeidsgruppa har arbeidd med hovudsøkna den, informasjonsarbeid og gjennomført aktivitetar i perioden.

Forprosjektarbeidet er finansiert av kommunane i Nordhordlandsregionen og UiB. Staten ved Den Norske Unescokommisjonen har òg bidrege økonomisk. Det same gjeld det lokale næringslivet i regionen. Prosjekteigar er Regionrådet i Nordhordland som representerer 9 kommunar i Nordhordland.

Nordhordland Biosfæreområde vil omfatte alle kommunane i Region Nordhordland samt Øygarden kommune og mindre delar av kommunane Vaksdal, Voss, Vik og Høyanger. Geografisk vil Nordhordland Biosfæreområde strekkje seg frå Sognefjorden, opp i Stølsheimen, ut fjordane til kysten og deler av havområda utanfor.

Hovudmålet for biosfæresatsinga er:

«Nordhordland Biosfæreområde skal byggje på det beste frå fortida og legge til rette for ei framtidretta samfunnsutvikling som sikrar ein berekraftig bruk av alle typar ressursar - til nytte og glede for befolkninga i dag og for komande generasjonar.»

## **Vurdering**

UNESCO sitt «Mennesket og Biosfæreprogram» (MAB) er no ei nasjonal satsing i Norge og Nordhordland vart i desember 2016 utnemnd som Norge sin første kandidat. Ein slik status gir særlege mogelegheiter for regionen. Det er no eit nasjonalt fokus på satsinga og komiteen har uttala at det er sær s viktig at det første kandidaturet Norge fremmer til UNESCO vert vellukka.

Men det viktigaste er sjølv sagt kva satsinga vil bety for Nordhordland i framtida. Kort fortalt skal eit biosfæreområde vere eit godt døme for berekraftig utvikling. Det er lagt rammer for kva eit biosfæreområde skal innehalde, men vi står relativt fritt til å forme strategien for biosfæreområdet i Nordhordland. Grunntanken i UNESCO er at MAB-programmet skal bygge eit internasjonalt nettverk av regionar som ønskjer ei meir berekraftig samfunnsutvikling. Dette inneber nye og betre måtar å nytte ressursane på.

Etter handsaming i kommunane går søknaden frå Nordhordland vidare til den norske MAB-komiteen og til nasjonale myndigheiter v/ Klima og Miljødepartementet. Regjeringa sender inn søknaden frå Norge til UNESCO i september 2018, og Nordhordland vert utpeikt som eit UNESCO Biosfæreområde våren 2019.

I saksdokumentet som ligg ved finn du meir informasjon om

- Plikter
- Moglegheiter
- Organisering av biosfæreområdet
- Økonomiske konsekvenser av satsinga (2019-2021)

Saksutgreiinga er felles for kommunane men inneheld også spesifikk informasjon som gjeld den enkelte kommune. Framlegg til vedtak er likelydande.

Til no har biosfæreprosjektet bygd på ein samarbeidsavtale frå 2013 mellom Regionrådet i Nordhordland og Universitetet i Bergen om utvikling av søknad om biosfærestatus og om eit framtidig forskingssamarbeid innan biosfæreområdet. Alle kommunane som er knytt til Regionrådet i Nordhordland har tatt del i satsinga. Dette er kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy. I tillegg til desse, er også Øygarden og delar av kommunane Vaksdal, Voss, Vik og Høyanger del av prosjektet.

### **Økonomiske konsekvensar – Årleg budsjett frå 2019 - 2021**

I budsjettet er den årlege kostnaden for kommunane som er med totalt kr 600 000. I den økonomiske fordelinga mellom kommunane (dei kommunane som er innan biosfæreområdet med heile kommunen) legg vi til grunn slik fordelinga har vore tidlegare; 50% er ein fast grunnsom og 50% er delt etter folketal. Fordelinga må vurderast til budsjettet i 2020 – etter kommunesamanslåinga. Sjå den totale oversikta over kostnader og inntekter i det vedlagte saksdokumentet.

### **Konklusjon**

Etter denne modellen vil kostnadene for Modalen vere om lag 6% av kr 600 000, estimert til ca kr 36 000 pr år.

### **Vedlegg:**

Utkast til saksgrunnlag og framlegg til vedtak